

Saksnr: 2023/37208-3**Saksbehandlar:** Stig Andreas Nordrumshaugen

Fylkesdirektøren etter fullmakt

Fordeling av tilskot - Statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 73 - profane mellomalderbygg

Med heimel i PS 146/2022 i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering (Tilskotsordning for friluftslivets ferdselsårer og tilskotsordningar kulturarv - delegering av vedtaksmynde) vedtek avdelingsdirektør for kultur og folkehelse følgjande:

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 73, profane mellomalderbygg, som følgjer:

Nr.	Bygning/objekt	Søkjjar	Tildeling	Førehandstilsegn
1	Norheimløa ID-nr. 214432-1	Kari Norheim - sak 2022/90916 dok. 1 og 2	3 000 000,-	
2	Stova på Huse Kinsarvik ID-nr. 87196-1	Margaret Hus – sak 2022/90916 dok. 3	470 000,-	

2. Kr 352 909 vert sett av til tilskot til strakstiltak og andre uventa meirkostnader. Dette inkluderer kr. 130 000 av årets tildeling frå Riksantikvaren, kr. 175 000 av strakstiltaksmidlar avsett i 2021 og 2022, samt renteinntekter på kr 47.799. Avdelingsdirektøren gjer vedtak om fordeling av desse midlane. Ei orientering om korleis desse midlane har vorte fordelt, vert lagt fram for hovudutvalet i første kvartal 2024.

3. Avdelingsdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt og har fullmakt til å omfordele midlar til andre tiltak på same kulturminne.

Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 73 – profane mellomalderbygg. For 2023 fekk fylkeskommunen søknadar til to prosjekt med ei total søknadsramme på kr. 5 691 962. Vestland fylkeskommune har for 2023 fått kr. 3 600 000 i løyving

for 2023 frå statsbudsjettet kap. 1429 post 73-profane mellomalderbygg. I tillegg har fylkeskommunen kr. 222 779 i rentemidlar og unytta straksmidlar.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og Folkehelse

David J. Sandved
seksjonssjef
KFO - Kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedtak om tilskot til Vestland fylkeskommune frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 73, profan mellomalder.PDF

Bakgrunn

Til søknadsfristen 1. nov 2022 fekk Vestland fylkeskommune inn søknader om tilskot til to prosjekt med ein samla søknadssum på kr. 5 691 962. På bakgrunn av søknadane som kom inn søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om kr. 5 700 000 i tilskot for 2023. I brev av 6. februar 2023 løyvde Riksantikvaren kr 3 600 000 til Vestland fylkeskommune for 2023.

Føremål med ordninga

Føremålet med tilskotsordninga til profane mellomalderbygg er å få bygningane opp på eit vedlikehaldsnivå samstundes som bygningane kjeldeverdi blir bevart. Tilskot kan gjevast til sikring, istandsetting og tyngre vedlikehald av freda mellomalderhus frå før 1537 som bidreg til å ivareta eit normalt vedlikehaldsnivå, samstundes som bygninganes kjeldeverdi blir ivaretatt tiltak som bidreg til dokumentasjon, kunnskapsutvikling eller forskning om mellomalderbygningar.

Tildeling frå Riksantikvaren:	Kr 3 600 000,- (tilskot for 2023) Kr 0 (førehandstilsegn for 2024)
Andre disponible midlar:	Kr 175 000,- (strakstiltakmidlar frå 2021 og 2022) Kr 47 779 (renteinntekter)
Søknadsfrist:	1.11.2022
Vedtak kriteria:	https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-08-13-2510
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-73-istandsetting-av-fredete-bygninger-i-privat-eie-fra-for-1537/
Tal på tilskotsberettiga søknadar:	2
Tal på søknader som er tilrådd støtte:	2
Samla søknadssum:	Kr 5 691 962,-
Samla tildeling:	Kr 3 470 000,-
Midlar sett av til strakstiltak mm:	Kr 352 909,-

Overordna prioriteringar

Riksantikvaren har tildelt kr. 3 600 000 til Vestland fylkeskommune i 2023 over tilskotsordninga til profane mellomalderbygg.

Takreparasjonar på begge dei omsøkte prosjekta vert prioritert for tildeling. Det er gjort ei heilskapleg vurdering, der faktorar som skadebilete og konsekvensane av skade, kostnader, antikvarisk nivå på istandsettinga, nytteverdien for eigar, kvaliteten på søknaden og dei nærare kulturminneverdiane til kvart enkelt kulturminne, inngår i vurderinga.

Norheimløa i Norheimsund:

Løa på Norheim har svært mange gjenbruka bygningsdelar frå eit unikt profant mellomalder stavverk, som har likskap med stavkyrkjekonstruksjonane. Desse delane er spreidde rundt i heile bygningen, og er no truga av fleire taklekkasjar. Løa vil bli freda som eit mellomalderbygg. Heile istandsettingsprosjektet er kostnadsrekna til 5 mill. kroner inkl. mva. Kostnadar knytt til reparasjonar av tak og berekonstruksjon er kostnadsrekna til om lag 2,8 mill. kroner. Det tildelast inntil kr. 3 000 000 til reparasjon av heile taket med takkonstruksjonen på Norheimløa i Norheimsund.

Stova på Huse i Kinsarvik

Taket på mellomalderstova på Huse har stått med mindre lekkasjar over lang tid. Det er ved ein spesiell vindretning at taket over stova ikkje er tett. Det har også vore lekkasjar i overgangen mellom

dei samanbygde husa. Skadane er synlege i himlinga innvendig i huset mot nordaust. Skifertaket er truleg frå 1890, då sveitsarhuset var bygd. Det er på tide å legge om desse taka no.

Eigar har søkt om 100% støtte til å leggje om taket på hovudhuset og på mellomalderstova. Avdelingsdirektøren vurderer at det kan gjevast inntil 50% støtte til våningshuset og 100% støtte til mellomalderstova, til saman kr. 470 000.

Fordeling av unytta strakstiltaksmidlar og rentemidlar

Fylkeskommunen har rentemidlar og unytta strakstiltaksmidlar på totalt kr. 222 779. Saman med kr.130 000 av årets tildeling, vert desse midlane sett av til strakstiltak i 2023. Samla sum til strakstiltak for 2023 vert såleis kr. 352 909.

Grunngjeving for avsetjing av midlar til strakstiltak i 2023 er at Norheimprosjektet er kostnadsrekna til 5 mill. i utgangspunktet. Her kan det komme kompliserte reparasjonar som krev meir midlar. Vi har også eit anna relativt stort prosjekt på Frønningen i Lærdal som skal gjennomførast i år. Dette prosjektet kan bli noko dyrare fordi det vart kostnadsrekna for fleire år sida.

Vedlegg:

Tildelingsbrev frå Riksantikvaren